




Vøringfossen

 The Bjoreio river feeds the Vøringfoss waterfall. Vøringfossen, with a free fall of 182 metres, was «discovered» by professor Christopher Hansteen in 1821.

The waterfall and its natural surroundings attract tourists from all over the world. The footpath up to the falls was completed in 1872.

In 1980 the Bjoreio river was zoned for hydro-electric development. The Storting laid down that during the period 1st June to 15th September the water flow through Vøringfossen should be at least 12 cubic metres per second.

Ved Fossatromme kastar elva Bjoreio seg 182 meter rett ned i Måbødalen. Fossefallet heiter Vøringfossen. Namnet kjem av ordet *vøringen*, som ein meiner tyder den vørde, den akta. Vøringfossen skulle då tyde *den vørdelege* eller *den akta*.

Astronomen professor Christopher Hansteen har fått æra av å oppdaga Vøringfossen på si reise over Hardangervidda i 1821.

Alt tidleg på 1800-talet har Vøringfossen og naturen i området lokka til seg turistar frå heile verda. Turstien inn til fossen stod ferdig i 1872, då prins Oscar, seinare kong Oscar II vitja Eidfjord. Eidførene ville gjera det makeleg for prinsen når han kom på vitjing, og på oppdrag frå Den Norske Turistforening (DNT) vart denne gang- og ridevegen laga. For å dekke kostnader og vedlikehald på stien til fossen, tok DNT betaling frå turistane som brukte han. Avgifta var 24 skilling, men denne fall bort alt i 1895 då det kom protestar mot ei slik avgift.

Då stien vart sett i stand vart det også bygd bru inne ved fos-

sen. Det var eigaren av Hotel Vøringfoss i Eidfjord som kosta ho. Brua bygde dei den gongen av bjelkar. Fleire gonger vart brua teken av flaum.

I 1980 vart elva Bjoreio regulert til vasskraftutbygging. Stortinget vedtok då ei minstevassføring i Vøringfossen på 12 kubikk-meter i sekundet, i perioden frå 1. juni til 15. september. Under snøsmeltinga på våren er vassmengda vanlegvis langt større enn dette.

Måbødalen kan skildras i tre ulike stadier:

- 1 For to millionar år sidan, før istiden, rann elva gjennom eit slakt landskap, eit landskap som Sysendalen er restar av.
- 2 Ulike istider skapte for 120.000 år sidan ein ung dal som gnog seg bakover mot vidda.
- 3 Den siste istiden har skapt dagens Måbødal. Bergartane består for det meste av gneis og granitt. Men grunnfjellet i dette området er sprekt opp på kryss og tvers og stadige utrasande steinmassar pregar landskapet.

